

Gro Marit Grimsrud
Finn Ove Båtevik
Marte Fanneløb Giskeødegård

Rapport nr. 53

**Kristiansund, Molde og Ålesund
som regionale motorar**

Kor attraktive er «motorane» for folk med høg
utdanning?



MØREFORSKING



HØGSKULEN I VOLDA

Tittel	Kristiansund, Molde og Ålesund som regionale motorar. Kor attraktive er «motorane» for folk med høg utdanning?
Prosjektleiari og forfattar	Gro Marit Grimsrud
Medforfattarar	Finn Ove Båtevik, Marte Fanneløb Giskeødegård
Sider	42
Årstal	2014
Rapport nr.	53
Prosjektnummer	54754
Prosjekttittel	Bysatsinga
Oppdragsgivar	Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 Molde
Referanse oppdragsgivar	Eivind Vartdal Ryste
Ansvarleg utgivar	Møreforskning
ISBN	987-82-7692-336-0
ISSN	1891-5981
Distribusjon	http://www.moreforsk.no/volda.htm
Nøkkelord	Attraktivitet, Kompetansebehov, småbyar, Ålesund, Molde, Kristiansund

Samandrag

Rapporten er skriven på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei ønskte kunnskap om kva som skal til for at fleire med høg utdanning skal busette seg i Ålesund, Kristiansund og Molde. Møreforskning finn at dei tre bykommunane ikkje skårar spesielt høgt på statistiske indikatorar for attraktivitet overfor denne gruppa, korkje samanlikna med andre kommunar i fylket eller med landet som heilskap. Om ein trekkjer inn omlandskommunane blir bilete betre.

Frå- og tilflyttarar med høg utdanning er først og fremst opptekne av å få gode jobbar og eit utviklande fagmiljø. På bakgrunn av samtaler med målgruppa konkluderer vi med at det er langt igjen til byane blir oppfatta som kunnskapsbyar som i kraft av seg sjølv verker tiltrekkjande på folk med høg utdanning. I staden blir byane oppfatta som utdanningsfiendtlege, og arbeidsmarknaden og fagmiljøa blir opplevd som snevre. Kompetansepersoner er redde for fagleg stagnasjon om dei vel å busette seg der. Møreforskning tilrår derfor at ei eventuell ekstraordinær bysatsing støttar opp under initiativ som kan styrke faglege nettverk i byregionane.

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverkslova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengelegjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Forord

Dette notatet er skrive på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune som del av rammeavtalen mellom fylkeskommunen og Møreforskning. Hensikta med notatet er å gje fylkeskommunen eit kunnskapsgrunnlag for ei eventuell ekstraordinær satsing på dei tre byane Ålesund, Kristiansund og Molde.

Notatet baserer seg på tilgjengeleg statistikk, informantintervju med nokre utviklingsaktørar og samtalar med tilflyttarar og fråflyttarar. Møreforskning vil takke alle som har delteke i intervjuet og delt sin kunnskap med oss. Vi vil også takke fylkeskommunen og vår kontaktperson Eivind Vartdal Ryste for godt samarbeid.

Arbeidet ble gjennomført av Marte Fanneløb Giskeødegård, Finn Ove Båtevik og Gro Marit Grimsrud i løpet av mai og juni 2014.

Volda, juni 2014

Gro Marit Grimsrud,

prosjektleder

Innhald


Forord	5
1 Innleiing	9
2 Kva seier statistikken om bustadattraktiviteten til byane?	11
2.1 Attraksjon - eit spørsmål om storleik?	11
2.2 Byane er ikkje lenger aleine om å ha netto tilflytting av unge vaksne.....	12
2.2 Fylket er meir attraktivt for «dei litt eldre»	14
2.3 Byane – mest attraktive for menn?.....	14
2.4 Innvandring er ikkje noko byfenomen	15
Innvandringa bidreg til store kjønnskeivheiter.....	16
Møre og Romsdal toppar «toleransestatistikken»!.....	17
2.5 Lågt utdanningsnivå – særleg blant menn	18
2.6 Sterk vekst i studentrekrutteringa i Molde og Ålesund	19
2.7 Dei kunnskapsintensive yrkene finn vi i byane – og i Volda og i Ulstein.....	21
2.8 Oppsummering kapittel 2.....	22
3 Kva seier flyttarane om attraktiviteten til byane?.....	23
3.1 Jobb er det viktigaste for val av bustad.....	23
3.2 Lite breidde og djupne i arbeidsmarknaden	23
3.3 Fagmiljøa er for små – og kunnskapskulturen er for snever.....	25
3.4 Heller natur enn kultur.....	26
3.5 Småbykvalitetar framfor urbanisme og forstadsisme.....	27
3.6 Oppsummering: Eit konserverande flyttemønster?.....	28
4 Oppsummering og anbefalingar	31
4.1 Byar og byregionar	31
4.2 Kven skal vere målgruppe for bysatsinga?.....	31
4.3 Om å ønske seg ein plass i kunnskapssamfunnet	35
4.4 Styrk den femte t'en: tilkoplingsmoglegheitene!.....	36
Referansar	41

1 Innleiing

Det overordna temaet i dette notatet er kva rolle Kristiansund, Molde og Ålesund spelar, og kan spele, som «regionale motorar». I dette ligg ein tanke om at sterke byar vil ha ein positiv verknad på omlandet og fylket som heilskap. Vår oppgåve har vore å undersøkje kva evne byane har til å tiltrekkje seg nye innbyggjarar, spesielt dei unge med høg utdanning. Vi har teke utgangspunkt i oppdragsgjevar sin hypotese om at byane i fylket manglar urbanitet og at ei styrking av urbane kvalitetar vil gjere byane og områda rundt meir attraktive for målgruppa. Vi har hatt særskilt fokus på betydinga av kulturtilbod og kompetansmiljø i denne samanhengen.

Som ein leietråd¹ i analysen har vi tatt utgangspunkt i ideane til Richard Florida (2002, 2012) om at nøkkelen til regional utvikling ligg i å tiltrekkje seg «den kreative klassen», eller «talentfulle menneske». Desse blir tiltrekte av stader som har den rette miksen av dei fire t'ane (jf. Figur 1):

1. Talent: Det må vere mange med høg utdanning og som jobbar i kreative yrke
2. Teknologi: Næringsstrukturen må ha eit innslag av kunnskapsintensitet,
3. Toleranse: Det må være lett å vere nykommar til staden
4. Territorielle kvalitetar: Stadsspesifikke tilhøve som kultur- og tenestetilbod, naturlige og bygde omgjevnader.



Figur 1. 4T-modellen. Etter Kevin Stolarick 2012²

Kjernen i teorien er at det er viktigare å skape bulyst for den kreative klassen enn å drive tradisjonell næringspolitikk med vekt på areal, transportforhold, tilskot og subsidiar til innovasjonsfremjande tiltak viss målet er å skape vekst. *Mangfald* er eit stikkord som er sentralt i teorien.

¹ Vi følgjer ikkje teorien slavisk. Modellen kjem med eit batteri av ulike statistiske mål som vi ikkje har hatt høve til å analysere innafor ramma av dette prosjektet. Vi er også kjent med kritikken av modellen og den avgrensa overføringsverdien den har til norske forhold (t.d. Andersen mfl. 2010, Hansen og Niedomysl 2009). Dette gjer at vi tolkar dei opphavlege ideane lausleg og tilpassar dei til dette prosjektet.

² Presentasjon på nettet: <http://www.investhuronica.ca/wp-content/uploads/HEA-Prosperity-Summit-2012-Benchmarking-the-Creative-Economy-in-Rural-Ontario-Midland-Report.pdf>

Florida hevdar at den «gamle» modellen for regional utvikling der ein såg byane berre som ein marknad for produkt produsert i regionen er avleggs. Han brukar mellom anna Jane Jacob (1961) sine idear om byen som innovasjonsmotor til å argumentere for at byane ikkje berre er arenaer for verdiskaping – men også sjølv *årsaken* til akselererande verdiskaping. Grunnen er at det er i byane ein finn flest kompetente og talentfulle menneske samtidig som byane representerer tetthet, nærleik og har mange møtestader der forskjellige typar kompetanse kan møtast. På denne måten kan kunnskapsoverføring finne stad og nye idear vil kunne oppstå. Slike dynamiske miljø vil trekkje til seg fleire talent og så vil veksten bli sjølvforsterkande, og kunne spreiaast til områda rundt.

Med dette som utgangspunkt har vi analysert tilgjengeleg statistikk og innhenta informasjon frå ein del nøkkelinformantar i byane. I tillegg har vi hatt intervju med unge høgt utdanna som har flytt til dei tre byane, og med unge høgt utdanna frå dei dei tre byane som har flytt til Trondheim eller Bergen.

Resultata blir presenterte i tre bolkar. Først statistiske analyser, så kjem inntrykk basert på intervju. Til slutt kjem tilrådingar til innsatsområde.

2 Kva seier statistikken om bustadattraktiviteten til byane?

2.1 Attraksjon - eit spørsmål om storleik?

I følgje klassisk flytteteori vil byane vere meir attraktive jo større dei er, og jo lenger avstand det er til konkurrerande byar. Det er gravitasjonsmodellen som ligg til grunn for dette. Modellen tek omsyn til storleik og avstand mellom to byar (eller stader) og postulerer at tiltrekkingskrafta er proporsjonal med folketalet i den eine multiplisert med folketalet i den andre og inverst proporsjonalt med avstanden mellom dei (jf. gravitasjonslova til Newton). Det er ein modell som i hovudsak seier at den som er stor vil bli større – og det utan nokon form for innsats (det er jo ein «naturlov»). Det spelar altså ikkje nokon særleg rolle kva fylkeskommunen gjer; byane har ei eigenvekt som styrer tiltrekkinga og som verkar sjølvforsterkande.


Ut frå modellen kan vi vente å finne at Ålesund tiltrekkjer seg fleire tilflyttarar enn dei to andre byane. Vi kan og vente at Volda, Ørsta og Ulstein til saman har større tiltrekkingskraft enn folketalet i kvar av dei skulle tilseie fordi avstanden mellom dei er kort. Tiltrekkingskrafta til Molde og Kristiansund skulle vere omtrent like stor, men avstanden til alternative befolkningskonsentrasjonar (for eksempel omlandet) vil gjere ein forskjell.

Men kva skal ein rekne som by i denne samanheng? Dei fleste vi har snakka med meiner t.d. at byen Ålesund er det samanhengande tettbygde området som omgir sentrumskjernen (og som inkluderer litt av Sula kommune); og tilsvarande for Molde og Kristiansund – sjølv om vi for desse to byane også fekk høyre at dei eigentleg ikkje er byar, men heller litt store bygder. For oss er det derimot lettast å bruke *kommunegrensene* og seie at Ålesund er lik Ålesund kommune, og tilsvarande for Molde og Kristiansund. Når det er snakk om kommunale planar og satsingar, er det også eit relevant nivå. Det er praktisk å bruke kommunenivået fordi statistikken som regel er avgrensa på denne måten. Alle tre byane har relativt snevre kommunegrensar, slik at å definere byen ved hjelp av kommunegrensar blir ikkje veldig galt.

I litteraturen om vekstkraftige byar er det ofte funksjonelle *byregionar* det er snakk om – og det omfattar i praksis bykjerne og pendlingsomlandet. Det er denne inndelinga som er det eigentlege – eller ideelle – fokus for dette notatet, men ho er vanskeleg å nytte sidan det ikkje er statistikk på dette nivået. Vi må derfor jukse litt og la regionen bestå av bykommunen og kommunar med grensar til ein av desse. Vi bruker også nemninga nærmland for desse omlandskommunane.

Inklusivt nærmland har Ålesund 75.000 innbyggjarar, Molde 45.000 og Kristiansund 33.000. 42 prosent av befolkninga i «Molde» bur i nærmlandet, 39 prosent i «Ålesund» og berre 26 prosent i

«Kristiansund». Den miste byen har og det minste omlandet. Det gjer at føresetnadene for vekst gjennom tilflytting og innpendling frå nærmlandet ikkje er det same i Kristiansund som for den berre litt større byen Molde.



Figur 2.1. Tal innbyggjarar i bykommune og nærmland pr. 1.1 2014 (SSB). Nærmlandet er kommunar med grenser til ein av bykommunane, unntateke kommunar der det er ei ferjestrekning mellom (Aukra er med i og med at delar kommunen ligg på fastlandet).

2.2 Byane er ikkje lenger aleine om å ha netto tilflytting av unge vaksne

Det er vanleg å tenkje at det først og fremst er byane som trekk til seg unge tilflyttarar. Slik har det også vore det også i Møre og Romsdal. Av alle kommunane i fylket var det for ti år sida berre Ålesund som hadde netto tilflytting av unge vaksne i alderen 26-35 år, medan fylket som heilskap hadde ei netto fråflytting på 15%. No er dette bilete endra. Takka vere innvandring går fylket i balanse, og vi finn netto tilflytting ikkje berre i Ålesund, men også i Skodje, Giske, Sula og Ørskog, samt i Molde og Fræna, Kristiansund, Ulstein og Hareid (tabell 2.1). Vi ser at byane og deira omland er attraktive, men må leggje til at også Ulstein og Hareid i den byfrie Eikesundregionen har tiltrekt seg fleire frå desse fødselskulla enn dei har «produisert» sjølv.

Vi kan også leggje til at flyttetapet i dei fleste andre kommunane i fylket har blitt mindre. Det går med andre ord rette vegen sjølv om det ikkje er netto flyttevinst.

Det er likevel grunn til å påpeike at det berre er Ålesund og Skodje som har vekst som overstig veksten på landsbasis for denne kohorten.

	A	B	C
	26-35 år	26-35 år	36-45 år
	f.1969-78	f.1979-88	f.1969-78
Kommune	2004	2014	2014
1504 Ålesund	107	126	120
1529 Skodje	87	130	121
1531 Sula	93	120	118
1532 Giske	80	111	103
1534 Haram	81	89	92
1523 Ørskog	85	101	105
1524 Norddal	68	65	66
1525 Stranda	84	98	83
1526 Stordal	60	92	74
1528 Sykkylven	85	86	94
1546 Sandøy	68	71	82
1502 Molde	93	104	102
1543 Nesset	80	74	84
1547 Aukra	73	94	92
1548 Fræna	78	103	87
1557 Gjemnes	71	73	72
1535 Vestnes	78	85	94
1539 Rauma	76	84	87
1545 Midsund	70	90	86
1551 Eide	87	93	95
Kristiansund	89	113	103
1554 Averøy	75	88	88
1560 Tingvoll	73	73	82
1563 Sunndal	79	81	82
1566 Surnadal	76	72	77
1567 Rindal	73	82	79
1571 Halså	64	67	62
1573 Smøla	57	77	66
Aure	79	80	86
Eikesundsregionen			
1511 Vanylven	63	50	63
1514 Sande	53	77	68
1515 Herøy	81	89	94
1516 Ulstein	91	119	124
1517 Hareid	76	105	90
1519 Volda	77	88	82
1520 Ørsta	80	89	83
Møre og Romsdal	85	99	91
Noreg	105	124	116

Tabell 2.1. Flyttebalanse. Kolonne A og B samanliknar flyttebalanse for ti årskull unge vaksne i 2004 og 2014. Vekst i talet personer fødte 1969-78 frå 1994 til 2004 (dei var 26-35 år i 2004), samanlikna med vekst i talet personar fødte 1979-88 frå 2004 til 2014 (dei var 26-35 år i 2014).

Kolonne A og C viser utviklinga i kohorten fødd i 1969-78 frå dei var 26-35 år i 2004 til dei var 36-45 år i 2014.

Flyttebalanse = 100. Tal mindre enn 100 betyr netto fråflytting, og over 100 betyr netto tilflytting.

2.2 Fylket er meir attraktivt for «dei litt eldre»

Om vi følgjer dei som var 26-35 år for ti år sidan (tabell 2.1, kolonne A) og ser kor dei bur i dag som 36-45 åringar (kolonne C), så ser vi at mange av dei no har funne vegen til fylket. Sjølv om dei ikkje har vore mange nok til å ta igjen heile flyttetapet, ser vi at så godt som alle kommunane har opplevd vekst i denne kohorten som no er 36-45 år. Veksten har vore størst i Ålesund, Sula, Skodje og Ulstein som no har 20-25% fleire enn dei «produserte» sjølv, men også Molde, Ørskog og Giske har hatt netto tilflytting for aldersgruppa 36-45 år.

Det er eit vanleg mønster at folk i 20-åra og i starten av 30-åra vel å bu i dei store byane. Når dei blir litt eldre, og særleg når dei har skulebarn, er det mange som føretrekk å bu utanfor dei store byane der dei kan få ein bustad og trygge omgjevnader for borna. Mykje av veksten i Møre og Romsdal kan forklarast med tilbakeflytting, men på langt nær alt. Også i denne aldersgruppa er innvandringa ei viktig årsak til veksten. Tilbakeflyttinga er i regelen meir spreidd geografisk enn nytilflyttinga.

Framtida vil vise korleis busetnadsmønsteret blir 10 år fram i tid for dei som no er 26-35 år. Dei er allereie relativt fleire og meir spreidd busett enn denne aldersgruppa har vore på fleire tiår. Om ein føreset same tilveksten som vist for kohorten fødd 1969-78 i tabell 2.1, vil det tilseie sterk vekst for store deler av fylket. Jokeren her er korleis flyttemønsteret til arbeidsinnvandrarane vil bli framover.

2.3 Byane – mest attraktive for menn?

Byar i Noreg har tradisjonelt tiltrekt seg fleire unge kvinner enn menn. Slik er det ikkje i Møre og Romsdal. I tabell 2.2. ser vi at Ålesund har tiltrekt seg heile 20 prosentpoeng fleire menn enn kvinner i aldersgruppa 26-35 år. Også Kristiansund har tiltrekt seg fleire unge menn enn unge kvinner, mens det er balanse i Molde.

Det er først og fremst arbeidsinnvandringa som skapar desse forskjellane. Vi ser at mannsoverskotet i netto tilflytting også er oppsiktsvekkende stort i Ulstein, Sande og Skodje som er kommunar med høg arbeidsinnvandring til ein mannsdominert industri.

Andre kommunar kan synast mindre attraktive for unge menn enn for unge kvinner – i den forstand at dei har tapt relativt fleire menn enn kvinner: Nordal, Stordal, Midsund, Averøy, Rindal og Halså. Sjølv om ein må ha i mente at dette er små kommunar der få personar kan gje stort utslag i prosent, så er det også på landsbasis rapportert at dei minste kommunane tapar relativt færre kvinner enn før medan vi ikkje har sett den same utviklinga for menn (Grimsrud 1999, 2011).

Totalt sett går Møre og Romsdal så vidt i pluss når de gjeld å rekruttere unge menn, og litt i minus når det gjeld rekruttering av unge kvinner. Men at byane er meir attraktive for kvinner enn for menn og landsbygda meir attraktiv for menn enn for kvinner – det er det vanskeleg å finne statistisk stønad for.

Tabell 2.2 Flyttebalansen etter kjønn. Flyttebalanse = 100. Tabellen gjeld kohorten f.1979-88 som var 26-35 år i 2014.

	Menn	Kvinner	Differanse (K-M)
1502 Molde	104	104	0
1504 Ålesund	137	117	-20
1505 Kristiansund	115	111	-4
1511 Vanylven	49	52	3
1514 Sande (M. og R.)	83	68	-16
1515 Herøy (M. og R.)	91	88	-3
1516 Ulstein	131	107	-24
1517 Hareid	106	103	-2
1519 Volda	93	84	-9
1520 Ørsta	86	92	6
1523 Ørskog	102	100	-2
1524 Norddal	60	71	11
1525 Stranda	99	96	-2
1526 Stordal	87	98	11
1528 Sykkylven	87	85	-3
1529 Skodje	138	123	-16
1531 Sula	116	124	8
1532 Giske	109	113	3
1534 Haram	92	86	-6
1535 Vestnes	87	83	-4
1539 Rauma	85	84	-2
1543 Nasset	80	68	-12
1545 Midsund	84	97	12
1546 Sandøy	74	69	-5
1547 Aukra	98	90	-8
1548 Fræna	100	107	7
1551 Eide	95	91	-4
1554 Averøy	82	94	11
1557 Gjemnes	72	75	3
1560 Tingvoll	76	70	-7
1563 Sunndal	81	80	-1
1566 Surnadal	73	71	-2
1567 Rindal	76	89	14
1571 Halså	62	73	11
1573 Smøla	76	78	3
1576 Aure	83	77	-7
Møre og Romsdal	102	98	-4

Vi ønskjer å vise kjønnsforskjellar på denne måten framfor statistikk over tal kvinner pr. 100 menn. Kjønnskilnadene kan vere store allereie før flytting, derfor seier ikkje kvinner pr. 100 menn noko om ubalansen kjem av flytting eller ikkje.

2.4 Innvandring er ikkje noko byfenomen

Florida hevdar at delen innvandrar i ein by seier noko om kor ope miljøet er for nye impulsar. Det er ein indikasjon på toleranse og kulturelt mangfald, som Florida hevdar må vere til stades for å tiltrekke den kreative klasse og oppnå økonomisk vekst gjennom innovasjonar.

Vanlegvis er det slik at byane har relativt fleire innvandrar enn områda utanfor, men i Møre og Romsdal har ikkje bykommunane fleire innvandrar enn andre kommunar i fylket. På landsbasis utgjer innvandrane 12 % av folketalet. Ingen av dei tre bykommunane er på line med landsgjennomsnittet. Derimot har åtte mindre kommunar relativt fleire innvandrarar enn landsgjennomsnittet: Sande, Ulstein, Herøy, Ørskog, Stranda, Stordal, Haram og Sandøy. Om vi brukar Florida sin ide her, så kan vi seie at det er lite som tyder på at toleransen er høgre i byane enn i dei andre kommunane.

Samtidig er det lettare å oppnå høge prosentar i små kommunar. Vi har derfor samanlikna kor stor del av innvandrane i fylket som bur i ein kommune med kor stor del av folketalet kommunen har. Då er det berre er Ålesund som har vesentleg fleire enn folketalet skulle tilseie. I tillegg til Ålesund er innvandrane meir enn eitt prosentpoeng overrepresentert i Ulstein, Hareid og Haram. Med unntak av Ålesund, er det lite som tyder på at byane har ein større trekraft på innvandrarar enn andre kommunetypar i fylket. Inntrykket er at delen innvandrarar står i høve til folketalet – det største avviket har Ålesund og Ulstein med høvesvis tre og to prosentpoeng fleire innvandrarar enn folketal.

Går ein nærare inn i bestemte aldersgrupper (noko vi ikkje har hatt høve til her), vil ein sjå at innvandrane er meir overrepresenterte i dei yngre aldersgruppene. Dei bidreg med andre ord sterkt til å forynge fylket.

Innvandringa bidreg til store kjønnskeivheiter

Det er fleire menn (54 %) enn kvinner (46 %) blant innvandrane, men det er stor forskjell etter kor dei kjem frå. Mens innvandrarar frå Asia har ein overvekt av kvinner (62%), er innvandrarar frå Europa oftare menn (60%). I Ålesund er delen kvinner lågare enn fylkesgjennomsnittet, mens Molde og Kristiansund ligg på gjennomsnittet. To kommunar utmerkar seg med særleg få kvinnelege innvandrarar og det er Sande og Ulstein.

I andre enden av skalaen har Vanylven, Nesset, Midsund, Rindal, Halså, Surnadal og Norddal fleire kvinnelege innvandrarar enn mannlege. Dei to sistnemnde har også til felles at dei har høvesvis mange kvinner frå Europa. Truleg er dette resultat av busetting gjennom Placementprosjekt³. Innvandrarar som kjem via Placement er ikkje typiske arbeidsinnvandrarar; dei kjem primært fordi dei ønskjer ein landleg livsstil. Som regel er det småbarnsfamiliar det er snakk om (Grimsrud og Aure 2013). Det er med andre ord inga grunn til å tru at denne gruppa ville ha busett seg i dei tre byane.

I dei tre byane ser det slik ut i 2013

	Del av folketal i kommune	Prosent av folketalet i fylket	Prosent av innvandrarar i fylket	Del kvinner blant innvandrane
Molde	8,8	10	9,9	44,9
Ålesund	9,9	17,4	19,4	44,6
Kristiansund	9,3	9,3	9,8	45,3
Fylket	8,8	100	100	45,7

³ Placement AS driv med innflyttarprosjekt i heile Noreg på oppdrag frå kommunar, småsamfunn og regionar. Prosjekta går ut på å skaffe livsstilflyttarar frå Nederland, Belgia og Tyskland.

Møre og Romsdal toppar «toleransestatistikken»!

Innvandrarar frå Europa utgjer 68 % av innvandrarane i fylket. I byane, særleg i Kristiansund og Molde, er andelen lågare – men ikkje så låg som han er i Volda og Sunndal. Låg del europearar betyr at det er relativt fleire frå andre delar av verda – og dermed, i teorien, større kulturelt mangfald. Mangfald er i følgje Florida eitt godt teikn med omsyn til nyskaping og vekst.


Hansen (2014) kritiserer Florida sitt mål på tolereranse og viser til at det ofte er feil at ein stor del innvandrarar tydar på openheit. Han meiner at ein heller bør måle kor godt innvandrarane er integrerte i arbeidsmarknaden dersom ein vil seie noko om toleranse. I den nyaste statistikken frå SSB, kan vi lese at Møre og Romsdal i så måte ligg på topp i Noreg. Det er heile 14 prosent fleire innvandrarar sysselsette i bedriftene enn kva innvandrandelen i befolkninga skulle tilseie (sjå tabell 2.3). Det er eit teikn på at det er lett å vere nykommar til arbeidsmarknaden i fylket – i alle fall om du er innvandrar frå EU-land. Dessverre seier ikkje statistikken noko om byane kjem annleis ut enn andre kommunar. Det kan tenkast at det er lettare å komme inn i jobb utanfor byane.

Tabell 2.3. Indikatorar for bruk av innvandrarar i verksemdar etter fylke 2013. Verksemdar med minst 10 tilsette (15-74 år). Indikator=100 når del innvandrarar i verksemdene er lik del innvandrarar i fylket. Kjelde: SSB, statistikkbanken.

	I alt	Frå EU/EØS, USA, mm	Frå Asia, Afrika, mm
01 Østfold	87	115	70
02 Akershus	101	105	99
03 Oslo	93	110	83
04 Hedmark	95	110	81
05 Oppland	99	117	80
06 Buskerud	95	114	82
07 Vestfold	101	118	86
08 Telemark	96	111	86
09 Aust-Agder	97	107	87
10 Vest-Agder	87	95	82
11 Rogaland	97	110	84
12 Hordaland	96	111	81
14 Sogn og Fjordane	110	117	101
15 Møre og Romsdal	114	125	98
16 Sør-Trøndelag	88	99	79
17 Nord-Trøndelag	97	99	93
18 Nordland	104	109	100
19 Troms Romsa	104	105	103
20 Finnmark Finnmarku	106	107	105

2.5 Lågt utdanningsnivå – særleg blant menn

Er det sant som Florida seier at det er byane som har flest talentfulle menneske? Om ein tar utdanningsnivå i befolkninga som eit uttrykk for talent⁴, så kan ein svare at jo – dei er inne blant dei 10 beste, men det er Volda som skårar høgast (sjå figur 2.2). Ulstein og Ørsta i same region ligg også høgt. Ålesund og omlandskommunane Ørskog, Giske, Sula og Skodje er også inne på topp 10 lista. Det er Kristiansund også. Molde utmerker seg med å vere den kommunen som har flest med lang universitetsutdanning. Ein kan elles leggje merke til at det berre er Molde og Volda som har eit utdanningsnivå som ligg over landsgjennomsnittet.



Figur 2.2. Dei ti kommunane i Møre og Romsdal med størst del personar med utdanning på høgskule-/universitetsnivå etter lengda på utdanninga 2013. Personar over 16 år samanlikna med landsgjennomsnittet. Prosent. Kjelde: SSB, statistikkbanken

Som for landet som heilskap er kvinner i fleirtal blant dei som har kort høgare utdanning, medan menn er i fleirtal blant dei med lang høgare utdanning. Samanlagt har likevel alle kommunar i fylket fleire kvinner enn menn med utdanning på høgskulenivå.

Tabell 2.4 viser at Møre og Romsdal har ein større del *unge* kvinner med kort høgare utdanning enn landsgjennomsnittet. Når det gjeld unge menn ligg dei derimot under landsgjennomsnittet.

Forskjellen er ikkje så stor, men sidan det har vore mykje snakk om at fylket har problem med å rekruttere unge kvinner med høg utdanning, så er det eit poeng å få fram at «underskotet» av unge menn med høg utdanning er større.

⁴ Florida brukar ikkje utdanningsnivå. Han meiner det er meir relevant å måle kor mange som jobbar innanfor dei såkalla kreative næringane. Ein taxisjåfør kan jo ha doktorgrad, men får neppe utnytta kunnskapen i jobben.

På det høgaste universitetsnivået er begge kjønn underrepresentert i forhold til landet – men menn meir enn kvinner. Molde er eitt unnatak, og ein kan merke seg at det er menn som gjer at kommunen er ligg over landsgjennomsnittet for lang høg utdanning.

Tabell 2.4. Utdanningsnivå i unge aldersgrupper i Møre og Romsdal samanlikna med landsgjennomsnittet. 2012. Prosent. Kjelde: SSB, statistikkbanken

		Kort høg utdanning			Lang høg utdanning		
		Noreg	M & R	Differanse	Noreg	M & R	Differanse
Menn	20-24 år	12,4	12,2	-0,2	0,4	0,3	-0,1
	25-29 år	24,3	21,4	-2,9	9,9	5,6	-4,3
	30-39 år	24,1	20,4	-3,7	13,8	8	-5,8
Kvinner	20-24 år	24	24,5	0,5	0,7	0,6	-0,1
	25-29 år	40,1	41,9	1,8	12,2	8,3	-3,9
	30-39 år	39,5	41,6	2,1	14,7	9,2	-5,5


2.6 Sterk vekst i studentrekrutteringa i Molde og Ålesund

Høgskulane i fylket spelar ei stor rolle når det gjeld rekruttering av kompetanse til fylket. Rekrutteringa til høgskulane er i stor grad lokal og dei aller fleste får jobbar i regionen etter utdanning (Grythfeldt og Heggen 2012). Stambøl (2013) viser i sin studie at av studiestadane på Vestlandet, har den lokale rekruttering (frå eige region/fylke) størst betydning i Kristiansund, Ålesund, Førde og Molde.


Som vist i figurane nedanfor har både Ålesund og Molde vakse som studentbyar i dei siste 15 åra. Ålesund har likevel hatt den klart sterkaste veksten, ein vekst som ligg langt over gjennomsnittet for dei statlege høgskulane samla i perioden. I tal studentar er Molde og Ålesund like store studentbyar i 2013. Ålesund var klart mindre enn Molde i 1998 med 565 mot 987 studentar. I 2013 hadde dei to studiestadane knapt 1.200 studentar kvar. I forhold til folketallet i dei to byane, er likevel innslaget av studentar relativt høgare i Molde enn i Ålesund.

Det er sterke veksten av studentar er interessant, og ikkje minst er det interessant at kvinneandelen er veksande. Kvinneandelen veks også i Ålesund - ein høgskule med mange fag med tradisjonelt høg rekruttering av menn.⁵


⁵ Sjukepleiarutdanninga er etter alt å døme viktig for rekrutteringa av kvinner til studia i Ålesund. Denne aukande kvinneandelen blant studentane i byen tyder likevel på at kvinner også inntek andre studium. Vi manglar tal som dokumenterer utviklinga av kvinneandelen på dei ulike studia.



Figur 2.3. Opptak av studentar ved Høgskulen i Ålesund. 1998 =100.



Figur 2.4. Opptak av studentar ved Høgskulen i Molde. 1998 =100.




Figur 2.5. Tal kvinnelege studentar pr. 100 mannlege studentar.

2.7 Dei kunnskapsintensive yrkene finn vi i byane – og i Volda og i Ulstein

Som eit mål på kor stor del kunnskapsintensive arbeidsplassar som finst i kommunane, har vi lagt saman talet arbeidstakarar (etter arbeidsstad) i leiaryrke, akademiske yrke og høgskuleyrke. Då finn vi at Volda ligg på topp med 45% (Figur 2.6). Akademikaryrke utgjer heile 18 prosentpoeng av desse, og gjer Volda til den mest akademikartette arbeidsmarknaden i fylket. Høg del akademikarar er elles ein typisk byeigenskap; vi ser det er berre byane (utanom Volda) som har meir enn 10 prosent av yrka innafør denne kategorien. Leiaryrke og høgskuleyrke er litt jamnare spreidd mellom by og land. Ulstein som også har ein høg del kunnskapsintensive yrker, har låg del akademikarar men desto fleire innanfor høgskuleyrka.

Denne statistikken er ikkje ulik statistikken over utdanningsnivå, men her ser ein kor arbeidsplassane til dei høgt utdanna er lokalisert. Det er betydeleg netto innpendling til desse yrka i Ålesund, Molde og Ulstein. Frå Kristiansund og Volda er det netto utpendling av folk som har desse yrka.



Figur 2.6. Del kunnskapsintensive yrker fordelt på leiaryrke, akademiske yrke og høgskuleyrke. Sysselsette etter arbeidskommune 2010 (Nyaste tal). Kjelde: yrkesstatistikk, SSB

Kreative næringer: Få kunstnarar og kulturarbeidarar i fylket!

Florida vel å bruke tilsette i kreative næringer som eit mål på talentbasen i staden for kunnskapsintensive yrker. Menon (2012) har studert dei kreative næringane⁶ i Møre og Romsdal for 2010 og fant at dei står for om lag 3 % av sysselsettinga i fylket, kor mesteparten er på Sunnmøre. Når det gjeld verdiskapinga kjem fylket på ein sjetteplass i landet. Lønnsmda i dei kreative næringane var likevel betre enn landsgjennomsnittet.

⁶ Musikk, film, foto og spill, tv og radio, design, trykte media, annonse og reklame, kulturarv og kunstnarleg verksemd.

Når det gjeld talet på kunstnarar og kulturarbeidarar – som utgjer ein viktig del av den superkreative kjernen i Florida sin teori («bohemane») - finn Telemarksforskning (Kleppe 2013) at fylket ligg på siste plass! Totalt sett kjem fylket på tredje siste plass i Norsk kulturindeks, og det er indikatorane «frivillig arbeid» og «kulturskolen/den kulturelle skulesekken» som dreg fylket opp frå botnplassering.

2.8 Oppsummering kapittel 2

I følge statistikken har ikkje byane nokon soleklar leiarrolla når det gjelder å trekke til seg unge vaksne, kvinner, innvandrarak eller folk med utdanning – slik Floridamodellen skulle tilseie. Men dette er når vi held oss til kommunegrensar. Stryk vi ut desse og legg til omlandkommunane skårar Ålesundsområdet og Moldeområdet betre på dei fleste variablane vi har sett på her. Kristiansund får ikkje mykje hjelp frå omlandet – då det er relativt få personar i nabokommunane.

Volda og Ulstein og til dels Ørsta går også igjen blant kommunar som gjer det bra på attraktivitet og kunnskapsintensitet. Det kan dermed sjå ut som det urbane i seg sjølv ikkje er like viktig som tilgang på kompetansekravjande arbeid. Dette er i så fall i tråd med fleire nordiske studiar som viser at det viktigaste flyttemotivet for høgt utdanna er «jobb» og at andre kvalitetar ved staden er underordna (Niedomysl og Hansen 2010, Grimsrud 2011).

Vi har hittil sett på statistikk som har gitt oss indikasjonar på korleis det står til med dei tre t'ane i fylket: evna til å tiltrekke seg «talent», om «toleransen» og «teknologien» forstått som kunnskapsintensive yrker. I neste kapittel får vi unge flyttarak sine synspunkt på betydinga av desse tre t'ane, samt nokre vurderingar av den siste t'en: territorialle kvalitetar.

3 Kva seier flyttarane om attraktiviteten til byane?

Dette kapitlet tek utgangspunkt i intervju med nokre nøkkelinformantar og samtaler med to ulike grupper av flyttarar. Den eine gruppa inkluderer unge vaksne som er nykommarar eller tilbakeflyttarar til Ålesund, Molde og Kristiansund. I Molde har vi intervjuar ei gruppe studentar ved høgskulen, i Ålesund har vi intervjuar kandidatar frå Global Futures og ei gruppe norske tilflyttarar. I Kristiansund har vi intervjuar ei gruppe traineear (KOM trainee). Med unntak av dei som er under utdanning i Molde, har alle dei vi snakka med eksamenar frå ulike fagfelt på høgskule/universitetsnivå og dessutan utdanningsrelevante jobbar. Vi kallar dei tilflyttarane.

Den andre gruppa er oppvaksne i ein av dei tre byane, men har flytta til Bergen eller Trondheim. Dei er plukka ut fordi dei er unge vaksne med meir enn fire års universitet/høgskuleutdanning innan samfunnsfag, humaniora og naturvitskap. Dei har alle jobbar som er godt tilpassa egne utdanningar. Vi kallar dei fråflyttarane.

3.1 Jobb er det viktigaste for val av bustad

Kva er viktig når dei høgutdanna skal velje bustad? Leitar dei etter stader som har flest moglege urbane kvalitetar eller ser dei etter en god jobb? Svaret frå våre informantar går eintydig i retning av at det viktigaste er jobb for ein sjølv og for eventuell partner. Likevel er stads-kvalitetar viktig; folk flest har ei formeinings om kor eller kva slags stad dei ønskjer å bu på. Arbeidsmarknaden utgjør ein viktig del av kvalitetane som blir vurderte ved val av stad å bu.

Vi har observert ein gradsforskjell mellom dei som let jobben vere styrande for kor dei buset seg og dei som *likestillt* kravet om relevant jobb med andre forhold som t.d. familie, vennar og stads-kvalitetar. Førstnemnde gruppe legg større vekt på at jobben skal vere fagleg utviklande og personleg givande enn den andre gruppa som firer litt på jobbkrava for å kunne realisere andre ønskjer i tillegg. Felles for dei er at det ikkje er relevant å bu på ein stad som ikkje kan tilby dei ein interessant jobb. Om vi bruker kategoriane til Kjetil Sørli (2006) så høyrer dei heime i gruppa som først spør seg *kva* dei skal gjere, før dei spør *kven* dei skal gjere det saman med og *kor* dei skal gjere det.

Dette betyr ikkje at ikkje spørsmål om familie og vennar (*kven*) og stadlege kvalitetar (*kor*), i våre intervju i første rekkje knytt til kvalitetar ved naturen, ikkje er relevant. For fråflyttarane med tilknytning til regionen tel dette mykje - men altså ikkje nok til at det åleine får dei på flyttefot. For tilflyttarane er det med på å styrke bulysta. Det er i regelen alltid meir enn ein faktor som bestemmer bustadsval.

3.2 Lite breidde og djupne i arbeidsmarknaden

Hovudinstrykket vårt er at arbeidsmarknaden manglar både breidde og djupne i dei tre byane. Det er ein oppfatning at det er lett å få jobb i desse byane viss du er ingeniør, jurist eller økonom. Høgt utdanna samfunnsvitarar og humanistar har større problem, mens helse- og omsorgssektoren «er

den same som overalt elles». Det manglar altså noko på spekteret av tilgjengelege jobbar. Med eit mogleg unnatak av den maritime sektor, synest det vere vanskeleg å skifte jobb internt i regionen. Har man fått ein jobb som samfunnsvitar så må man ha den til pensjonsalder, eller rekne med å flytte. Resultatet er at arbeidsmarknaden ikkje oppfattast som spesielt attraktiv for ei stor gruppe høgt utdanna.

Men bilete er ikkje heilsvart. Nokre av informantane våre som bur i ein av byane i Møre og Romsdal i dag, meiner dei har gode jobbar og at framtidsutsiktene er gode. Både dei i Kristiansund og Ålesund gjev uttrykk for at dei er blitt overraska over kor mange spennande jobbar som eigentleg finst i regionen. Særleg nemner dei det er positivt at arbeidstokken er langt meir internasjonal enn dei hadde trudd på førehand. Men tilfredsheit til tross; det er ikkje sikkert dei blir verande for all framtid; det er alltid ein moglegheit for at dei let seg lokke av jobbtilbod andre stader, eller at omsyn til ein eventuell partner gjer at dei vil flytte. Dei tilhøyrar ikkje gullklokkegenerasjonen der idealet var å bli verande lenge i ein bedrift. No er idealet for mange å byggje karrieren gjennom jobbskift. Problemet for små byar som Ålesund, Molde og Kristiansund er at man ofte må flytte for å få til dette.

To grupper var meir tilbakehaldne med å omtale jobbmoglegheitene som gode. Det gjeld for det første studentane i Molde som ikkje har kome så langt at dei at aktivt har søkt jobb enno. Dei kunne godt tenkje seg å bu i Molde, men trur det blir vanskeleg å få jobb fordi det er så mange som har den same utdanninga som dei der. Den andre gruppa er Global Futures-kandidatane. Desse synest ikkje arbeidsmarknaden i fylket var særleg attraktiv. Samtidig skildra dei arbeidslivet i byane, særleg i Molde, som lukka. Dei la vekt på betydinga av å kjenne nokon, og ein av tilflyttarane til Molde sa at «som innvandrar må du ha offentlege verv for å komme inn i arbeidslivet». Vidare peikte dei på at trass i at dei alle hadde høg utdanning, hadde ikkje alle jobb – og det sjølv om utdanninga var retta inn mot sentrale næringar i fylket. Desse kandidatane var ikkje typiske arbeidsinnvandrar; dei hadde kome dels som studentar og dels på grunn av familieforhold. Ei større undersøking av Global Futures kandidatar peiker på det same: høg utdanning er ikkje nok for at innvandrarar skal få jobb i Noreg (Fossland og Aure 2011). Det er fleire barrierar her, og ein av dei språk. Kravet til norskkunnskapar er ofte veldig høgt i yrke som krev høgare utdanning. Kan ein gjere noko med det for nytte denne ressursen betre?

Når det gjeld stadskvalitetar, var dei ikkje særleg opptekne av Ålesund, Molde og Kristiansund som byar; når det var snakk om stadskvalitetar var det Noreg som var referanseramma. Fleire av desse kjem frå store byar og var ikkje spesielt imponert over kulturtilbod og urbane kvalitetar korkje i Ålesund eller for den del i resten av Noreg.

Sett med auga til dei fråflytte, som i dag har gode stillingar i Bergen og Trondheim, fortøner ikkje arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal seg som spesielt interessant heller. For halvparten av dei, er tilbakeflytting derfor heilt uaktuelt. Den andre halvparten kunne tenkje seg tilbakeflytting.⁷ Dei er samstundes villige til å fire noko på jobbkrava til fordel for ei kjensle av tilhørsle, nærleik til familie, venner og natur.

Personleg nettverk er viktig for å få jobb

⁷ Ein må skilje mellom planar og ønske: Sjølv om dei ønskte å flytte tilbake, var det ingen som hadde planar om å gjere det. Det var på grunn av at partnaren deira ikkje ville flytte til Molde/Ålesund/Kristiansund.

Med bakgrunn i intervjuet våre kan det, ikkje uventa, sjå ut til at personleg nettverk betyr mykje for om ein får den jobben ein vil ha eller ikkje. På den eine sida har vi ei gruppe studentar og Global Futures kandidatar som ikkje har jobb og som er usikre på om dei kjem til å få jobb i ein av dei tre byane i framtida. Felles for dei er at dei bur i ein av dei tre byane i dag, men dei har ikkje vakse opp der og har ikkje familietilknytning. På den andre sida har vi ei anna gruppa som har familietilknytning og som anten har gode jobbar i desse byane i dag – eller reknar med at dei kan få det dersom dei vel å flytte tilbake. Det kan vere litt tilfeldig at dei vi har snakka med fordeler seg «perfekt» på denne måten når det gjeld tilknytning, men samstundes er det ei kjennsgjerning at det er lettare å få jobb når du kjenner folk frå før (nettverk). Undersøkingar vi har gjort tidlegare tyder også på at arbeidsgjevarar gjerne tilset tilbakeflyttarar framfor andre tilflyttarar (Grimsrud 2006, Dahle mfl. 2011, Båtevik og Yttredal 2013). Masteroppgåva til Solbakk (2009) om tilbakeflytting til Ålesund viser også at dette er eit utbreidd fenomen.

3.3 Fagmiljøa er for små – og kunnskapskulturen er for snever

I diskusjon om tilbakeflytting og jobb, kom det fram at det ikkje nødvendigvis er slik at dei tre byane i Møre og Romsdal ikkje har stillingar som passer med utdanninga deira. Faktisk meiner alle fråflyttarane at dei nok skal greie å skaffe seg ein utdanningsrelevant jobb i fylket dersom dei går inn for det. Men når dei ikkje er interessert i dette, så skuldast det at dei fryktar dei skal stagnere fagleg om dei flytter tilbake. Dette handlar dels om små fagmiljø og dels handlar det om manglande kultur for kunnskap i heimfylket. «*Du kan sitte der med to doktorgrader, men det tel ikkje - du vurderast ut frå kor stor bil du har*», sa ein av samfunnsvitarane vi snakka med.

Manglande respekt for formell kompetanse har vore eit gjennomgangstema i mange av intervjuet. Det som tel er handlag og praktisk kompetanse – som helst skal vere tileigna ute på havet. Vi har høyrd historier om arbeidsgjevarar som ikkje vil tilsette folk med gode karakterar fordi dei meiner det betyr at dei ikkje kan brukast til noko anna enn å lese bøker. Samtidig som vi veit at rekrutteringspraksisane er i ferd med å endrast i store delar av næringslivet, så veit vi også at det tar tid å endre haldningar. Den utdanningsfiendtelege haldninga – særleg til akademikarar – hadde fleire av våre informantar merka i det sosiale livet utanfor arbeidsmarknaden også. «Det er ikkje rom for samfunnskritikk – alt er bare tut og køyr». Når folk går på byen er det for å brøle på eit eller anna fotballag, blei det sagt. No tek ikkje vi desse utsegna som eit sanningsprov på korleis Ålesund «er», men poenget er at det seier noko om kven det er som *identifiserer seg bort frå* Ålesund. Dei seier noko om imaget til Ålesund, og korleis det kan brukast av t.d. fråflyttarar til å bygge opp om deira eigne identitetar som akademikarar, og til å legitimere det å busette seg langt unna familie til fordel for eit meir akademisk miljø.

Mange oppfattar det som eit problem både i og utanfor jobb at behovet for og ønskje om intellektuelle stimuli ikkje blir respektert. Det er ikkje berre dei med doktorgrad og høgt spesialiserte yrke som er opptekne av fagleg påfyll i arbeidskvardagen. For eksempel framheva ein lektor vi snakka med i Trondheim at sjølv om ho sikkert kunne fått seg jobb i vidaregåande skule i Møre og Romsdal, så ville ho ikkje ha flytta tilbake dit. Grunnen var at ho sett pris på den moglegheita ho får til fagleg

utvikling i Trondheim. Der blir det arrangert fagmøte for alle norsklærarar i byen ein gong månaden kor dei t.d. blir kursa av spesialistar frå NTNU og andre universitetar og høgskular. Det er eit sosialt og fagleg miljø som ho opplever som givande å ta del i fordi dei kan lære av kvarandre.

Når det gjeld dei som bur i dei tre byane i dag så var det mange av dei som hadde flytta til eller tilbake til byane som sa at dei vart positivt overraska over kor internasjonale byane var. Dette seier noko om at det er visse kvalitetar ved dei tre byane som er lite kjente utanfor fylket – sjølv for dei som har vakse opp der. For Ålesund sin del var det også mange som såg potensialet i å utvikle kunnskapsmiljøet rundt Nørve. Elles nemnde fleire at det var viktig å komme seg ut – helst til utlandet - for å få fagleg påfyll. Ei såg for eksempel føre seg å bruke noverande bustad som ein base dei kan reise ut frå og komme tilbake til i fleire omgangar. På denne måten kunne ein få nye impulsar og erfaringar både fagleg og personleg. Dette er ein tenkjemåte, og eit handlingsmønster, som er relativt vanleg for folk i høge stillingar i utlandet, men ikkje her i landet (enno). Korkje arbeidsliv, skule, bustadmarknad, eller lov og regelverk er tilrettelagt for dette. Samfunnet er i stor grad regulert rundt at ein skal bu på ein stad mesteparten av livet – og i alle fall ikkje ha to bustader samtidig. Det er mykje som tyder på at det å veksle mellom to eller fleire bustader blir vanlegare framover.

Vi ser at bedrifter i den maritime klynga allereie nyttar seg av utveksling mellom ulike avdelingar lokalisert på ulike stader. Dette er med på å gjere denne delen av arbeidsmarknaden interessant for dei med høg utdanning. Ei undersøking Møreforskning har gjort av tilsette nøkkelpersonar i dei marine og maritime sektorane i fylket, viste at dei som meinte dei var del av eit nasjonalt/internasjonalt kompetansemiljø, var dei som såg for seg at dei kom til å bli verande i regionen i framtida. Overraskande nok var dette viktigare enn tilhørsle til regionen og interesse for natur og friluftsliv (Båtevik og Yttredal 2013). Moglegheiter for fagleg utvikling er med andre ord viktig for å tiltrekke seg og behalde høgkompetente personar i dei tre byane.

3.4 Heller natur enn kultur

Mens kulturtilbodet blir trekt fram som heilt primært for å byane sin attraktivitet i den internasjonale litteraturen om byar, er det sjeldan det dukkar opp som flyttemotiv i Noreg (Vareide og Kobro 2012). Det same kan vi seie om våre informantar; det var ingen som såg kulturtilbodet som ein grunn til å bu eller flytte til fylket – snarare tvert imot. Naturen ble derimot hyppig nemnd som ein trekkfaktor av så godt som alle – både fordi det betyr vakre omgjevnader og fordi den gir høve til friluftsliv. For dei som er oppvaksne i ein av byane representerer naturen «heime» også ei kjensle av tilhørsle. Ei nyleg gjennomført undersøking viser at nordmenn sine *bustadspreferansar*⁸ - uavhengig av kor dei bur - er meir prega av nærleik til natur- og friluftstilbod enn spenningsrelaterte faktorar som er typiske for eit hektisk byliv (Baldersheim 2014). Baldersheim spør om dette er eit teikn på at bygd livet framleis er sett på som det sosiale idealet i Noreg (jf. Sørhaug 1984). Undersøkinga hans tyder i alle fall på at vi ikkje ser ut til å vere med på dei internasjonale nyurbane trendane med auka verdsettinga av det

⁸ Bustadspreferansar er ikkje det same som flyttemotiv. Baldersheim spurde folk kva *dei set pris* på ved heimstaden sin, ikkje om og kvifor dei ville/ikkje ville flytte. Når «gode natur- og friluftstilbod» ble satt pris på av heile 93 prosent så må det ha samanheng med at desse tilboda finst over heile i Noreg. «spanande uteliv (kafear, restaurantar, klubbar og liknande.)» kom sist på lista med «berre» 35 %.

urbane, slik som litteraturen om kunnskapsøkonomien og den kreative klasse skulle tilseie. Interessant nok viser undersøkinga likevel at heile 34% saknar «spanande uteliv» på heimstaden sin.

Ein gjengangar når det var snakk om kulturtilbod i dei tre byane var at det ikkje var spanande nok, korkje for dei som bur der eller blant dei som har flytt ifrå. Kritikken har likskapar med kritikken mot arbeidsmarknaden og blei sett i samanheng med mangel på variasjon og dels mangel på profesjonell kvalitet i tilboda. I intervju med representantar frå næringslivet får vi høyre om både den eine og andre rekrutteringa som har stranda på grunn av at «konene har sett foten ned» – nettopp på grunn av mangel på kulturtilbod. Men her er det delte meiningar. Vi har og snakka med mange som meiner at kulturlivet i byane er framifrå og/eller heilt tilstrekkeleg for deira bruk. Fleire hadde merka seg at det var ein del nye spanande utviklingstrekk i så måte.

Elles ble det peikt på at det er mange kulturtilbod som ein kan gjere seg nytte av, men at ein saknar informasjon av kva som finst. Det blei mellom anna sagt at dei opplever at dei først blir merksame på arrangement i ettertid, når dei les om dei i avisa. Det er heller ikkje nødvendigvis dei store arrangementa ein saknar. Potensiale kan vel så mykje ligge i mindre og lett tilgjengelege arrangement, gjerne knytt til stader der folk møtest. «Det treng ikkje vere stort, det treng å vere variasjon».

Byane blir karakterisert som forskjellige når det gjeld kulturtilbod. Kristiansund blir trekt fram som musikkbyen. Molde er byen for dei store kulturelle arrangementa med eit offentleg tilsnitt. Ålesund er staden for «kultur i motvind»; her er fleire små private initiativ som eksisterer på tross av manglande offentleg interesse og stønad.

3.5 Småbykvalitetar framfor urbanisme og forstadsisme

Bygd og by blir ofte framstilt som motsetningar. Men når informantane våre ble bedne om å karakterisere heimbyen sin, var det som å høyre standardforteljinga om Bygde-Norge – på godt og vondt. Med andre ord var det ei forteljing om stader som ikkje egna seg for folk med høg utdanning; det var mangel på møtestader, det var smalt sosialt miljø, kongar på haugen, mangel på mangfald, ikkje rom for nye idear, få kulturelle stimuli, ein stad for A4-familiar, perifer lokalisering med dårlege transportmoglegheiter ut av byen. Og på den positive sida blei alle tre byane omtalt som verdas vakraste, med unik natur og gode moglegheiter for friluftsliv, frisk luft, relativt billige bustader, trygt og godt for born, enkelt kvardagsliv med lett logistikk, oversikteleg og bortimot fritt for kø. Nokre av informantane våre, sa jo også at dei ikkje såg på Molde og Kristiansund som byar.

Dette kan vere eit teikn på at desse byane spesielt, men kanskje også småbyar generelt, manglar ein *identitet* i det norske landskapet. Dei er ikkje bygd, ikkje by. Ikkje er dei forstadar heller - sjølv om nokre av informantane våre omtala byane som prega av *forstadsisme*; altså eit levesett kjenneteikna av kjernefamiliane sine preferansar for stort hus og stor bil, og der bustadmiljøet helst skal vere prega av homogenitet. Til dømes ble det bilbaserte kjøpesenteret på Moa trekt fram som eit «bevis» på at folk i Ålesund ikkje er interessert i byen, men i forstaden sin.

Denne forstadsisme gjer byane lite attraktive for unge og andre som ønskjer ein anna levemåte. Samtidig blir det ei utfordring å få til levedyktige urbane tilbod når så få synast å vere interessert i å bruke dei. Dilemmaet er at moglegheitene for ein bustad nok er eit kraftigare verkemiddel for å få tilflyttarar enn urbane kvalitetar.

Det er eit ønske frå mange at småbykvalitetane burde takast vare på, mellom anna gjennom eit varsamt utbyggingsmønster. Når ein bustader byggast lenger og lenger frå sentrum fører det til ein bilbruk som igjen fører til behov for parkering som igjen fører til at bykjernen mister sin attraksjon. Kvaliteten ved småbyen i forhold til den meir urbane storbyen er at det lar seg gjere å gå eller sykle gjennom heile sentrum. Fordelen med småbyen samanlikna med bygda er at den har eit bysentrum.

Dessverre har ikkje informantane så mykje positivt å seie om *sentrum* i byane utanom at dei er oversiktelege og lett å ta seg fram i. Byane manglar liv og røre; dei er sløkte og stengde etter arbeidstid – og fri for folk. Dette gjeld likevel ikkje i like stor grad i Ålesund som i Molde og Kristiansund. Ei facebookbasert omdømmekartlegging⁹ for Kristiansund kom fram til liknande resultat. Den viste at dei to mest brukte orda om Kristiansund var «Keisam» og «Folketomt/tomt», medan «Sjarmerande» kom på tredje plass. I tillegg til meir liv i gatene, kom det fram i denne undersøkinga – og i våre informantintervju – at Kristiansund treng oppussing – slik at byen ikkje ser ut som ein nedlagt fiskarlandsby. På grunnlag av ei større undersøking hevdar Vestby (2006) at små byar (som kategori) ofte oppfattas som trauste og keisame. Ho peikar også på at når det *felles* omdømmet er negativt i utgangspunktet, så kan negative stadsrelaterte imagefaktorar forsterke dette. Dette gjer små byar meir sårbare fordi folk ikkje har nokre positive bilete å leggje i den andre vektsskåla. Motsett viser det seg at negative rykte ikkje så lett får grobotn i byar med positivt omdømme.

I kort saknar informantane våre aktivitetar og kulturtilbod som gjer at dei får grunn til å forlate sofaen og gå ut på byen for å vere sosial. Ein informant sa «*Om kulturtilboda ikkje betyr så mykje som agn – så kan dei ha betyding som snare*». Ho meinte at kulturtilboda er noko som fangar ein når ein er der. Det er og noko som bind ein til staden utanom jobb og familie.

3.6 Oppsummering: Eit konserverande flyttemønster?

På spørsmål om framtida – om eventuelle tilbakeflytting og eventuell vidareflytting for tilflyttarane – så kjem det fram ei todeling som går på tvers av innflyttarar og fråflyttarar og som handlar om kor viktig karriere, fagmiljø og urbane kvalitetar er.

Når det gjeld fråflyttarane kan vi dele dei i to grupper med omsyn til framtid i desse byane. På den eine sida har vi dei som set jobb og karriere over alt anna, *eller* på lik linje med omsyn til familie eller fritidsaktivitetar. Dei meiner at dei kunne fått seg ein jobb som var nokolunde i samsvar med

⁹ *Hovedpunkter fra omdømmeundersøkelsen Look to Kristiansund februar-mars 2014*. Notatet er usignert, men det går fram av teksten at det er skrevet av Iren Hope Rønhovde, prosjektleiar for By'n oss Kristiansund. Arbeidet har fått støtte frå Regionalt Næringsfond Averøy og Kristiansund. Notatet er nedlasta juli 2014 frå: http://bloggenoss.files.wordpress.com/2014/04/looktokristiansund_hovedpunkterfraomdc3b8mmeundersc3b8kelsen.pdf

utdanning om dei gjekk inn for det, men dei vil ikkje fordi tilbake fordi dei ikkje trur at desse byane kan tilfredstille krava dei stiller til fagmiljø. Dei er redd for å stagnere fagleg om dei flyttar «heim». Denne gruppa er samtidig skeptisk til det sosiale miljøet i byane. Dei meiner det er for homogent, og har for lite mangfald. Det er berre ein type liv som er gyldig og det er kjernefamilien i stort hus og med stor bil. Dei vil ikkje at barna deira skal vekse opp i eit såpass snevert miljø. Vi kallar desse for dei urbane fagentusiastane.

I den andre gruppa er dei som er villige til å redusere på jobbkrava dersom andre krav dei har til bustad blir tilfredsstilt. Desse vil «heim» til familie, til vennar til eit sosialt og kulturelt miljø dei trivst i. Naturen er også eit trekkplaster. Disse set pris på småbykvalitetane – der dei kan få seg ein einebustad i eit miljø dei meiner er trygt og godt for borna. Dei meiner at byane i dag har eit godt kulturtilbod. Det som hindrar dei i å realisere tilbakeflytting er omsyn til partner og familie som ikkje ønskjer å flytte. Litt haltande kan vi kalle desse potensielle tilbakeflyttarane for «forstadsfolk» ut frå at verdiane deira harmonerer med typiske forstadsverdiar (Knox & Pinch 2010).

Når det gjeld tilflyttarane er det ei gruppe som ser for seg ei framtid i byen. Desse har typisk ein jobb der dei også har eit stimulerande fagmiljø rundt seg. Dei synest dei urbane tilboda er greie nok, men vil sette pris på meir mangfald. Desse kan vi også kalle småbyvennar (der fagentusiasmen nok er til stades hos ein del av dei).

Tilflyttarar som ser for seg at dei skal flytte frå byen i relativt nær framtid, trekkjer fram at dei ønskjer (ny) jobb som er relevant for dei. Men jobb er ikkje alt; i tillegg ser dei de som lite sannsynleg å finne ein partner der. Dei har gjerne vennar og familie andre stader, og søker eit anna sosialt miljø. Kulturtilboda er ingen skyvefaktor, men fleire urbane tilboda er på ønskelista. Desse potensielle vidareflyttarane kallar vi også – igjen noko haltande – urbane fagentusiastar.

	Fråflyttarar	Tilflyttarar
JA til å flytte	<ul style="list-style-type: none"> • Reduserer på jobbkrava • Heimbyen har godt kulturelt og sosialt miljø • Ønsker seg eit forstadsliv/småbyliv 	<ul style="list-style-type: none"> • Må ut for å få meir relevant jobb • Tilfreds med dei urbane tilbod som er, men vil gjerne ha meir mangfald • Ønsker seg eit meir urbant liv
Nei til å flytte	<ul style="list-style-type: none"> • Heimbyen tilfredsstillar ikkje krava til fagmiljø • Sosialt og kulturelt miljø er for homogent • Trivst i storby 	<ul style="list-style-type: none"> • Har god jobb i eit godt fagmiljø • Tilfreds med dei urbane tilbod som er, men har ikkje noko imot meir mangfald • Trivst med eit forstadsliv/småbyliv

Figur 3.1. Forenkla modell over flyttemotiva til høgt utdanna med relasjonar til dei tre byane.

Dersom dette reflekterer eit meir generelt flyttemønster, så er det ikkje grunn til å vere særleg optimistisk med omsyn til snarleg endring i kunnskapskulturen. Vi ser at dei urbane «fagentusiastane» meiner dei ikkje finn (nok) likesinna i dei tre byane – og derfor er det ikkje aktuelt å busette seg der. Samtidig ser vi at «småbyvennane», dei som ønskjer å bu i dei tre byane, seier dei vil redusere på krava til fagmiljø og utviklingsmoglegheiter til fordel for einebustad og nærleik til familie og vennar. Dei stadfestar med andre ord det urbanistane seier: dei tre byane er ikkje for dei som er veldig opptekne av fagleg utvikling; men for dei som er meir opptekne av andre verdier. Eit slikt flyttemønster vil forsterke «forstadsismen» og svekke attraktiviteten ovanfor dei urbane «fagentusiastane».

4 Oppsummering og anbefalingar

4.1 Byar og byregionar

I kraft av sin storleik og urbanitet skulle vi vente at byane skåra betre enn andre kommunar på ei rekkje variablar som t.d. tilflytting, innvandring, kjønnsbalanse og kompetansenivå. I kapittel 2 viste vi at bykommunane i seg sjølve ikkje skåra spesielt høgt på desse variablane. Men når vi trekte inn omlandkommunane så blei dei «urbane» kvalitetane meir synlege. Det kan vi ta som eit teikn på at ein bør sjå byane om omlanda i samanheng, og heller snakke om byregionar enn bykommunar i utviklingssamanheng. Ein bør heller ikkje gløyme at den «fjerde byregionen» Ørsta/Volda/Ulstein spelar ei viktig rolle med omsyn til rekruttering til fylket – sjølv om regionen er lite urban i tradisjonell forstand.

4.2 Kven skal vere målgruppe for bysatsinga?

I oppdragstinginga grunnjer fylkeskommunen ei eventuell satsing på bykommunane med at dei er urolege for at fylket har eit innanlandsk flytteunderskot, kvinneunderskot og har relativt få unge og innbyggjarar med høg utdanning. Ein kan tolke dette som at målgruppene for bysatsinga allereie er definert til å vere innanlandske tilflyttarar, kvinner, unge og dei med høg utdanning. Viss ein legg vrangviljen til, kan samtidig lese det som at tilflyttarar frå utlandet, menn, eldre og folk utan utdanning ikkje er ønska. Faren ved å prioritere nokre grupper er at ein samtidig definerer ut andre. Det er også forvirrande at målgruppene er overlappende. Det kan derfor vere eit poeng å ikkje øymerke satsinga for ei særskild gruppe, men heller definere innsatsområde ut frå kunnskap om kva som vil virke tiltrekkande på dei gruppene ein ønskjer å nå. Med dette som utgangspunkt går vi gjennom og knyter kommentarar til følgjande målgrupper: innvandrarar, kvinner, høgt utdanna og unge/studentar. Til slutt lagar vi ei målgruppe som går på tvers av demografiske kjenneteikn.

Sats på innvandrarar

Dersom målet er å oppnå vekst i folketalet og kompetansetilgang så er innflyttarar frå utlandet ei openbar målgruppe. Det er dei som har stått for folkeveksten i yngre aldersgrupper i byane og i fylket som heilskap. Om veksten skal halde fram er det nausynt å få fleire av dei som er her til å bli verande og dessutan få fleire nye til å finne det interessant å busetje seg i fylket. Innvandrarane er iføljje statistikken godt representert i arbeidslivet, og representantar frå næringslivet seier dei ikkje kunne ha hatt same aktivitetsnivå utan arbeidskraft frå utlandet. Dette gjeld både ufaglærte, fagarbeidarar og nøkkelpersonell.

Innvandrarar blir ofte sett på som ei kjelde til konflikhtar, men dei kan også vere ei kjelde til mangfald. Våre informantar meiner byane godt kan få meir mangfald; fleire meiner at dei tre byane er for provinsielle og lite opne mot verda. Eit internasjonalt miljø er eit teikn på at ein er «tilkopla». Men

det er ikkje for mangfaldet åleine denne gruppa er viktig; eit variert «etnoskap»¹⁰ blir også sett på som eit kulturelt fortrinn i næringslivet. På same måte som ein del større bedrifter ser det som pinleg å ikkje ha kvinner i leiinga, er det også etter kvart blitt pinleg for bedrifter som opererer internasjonalt å ha ein etnisk homogen arbeidsstokk.

Å gjere byane attraktive for innflyttarar frå utlandet, synes derfor vere eit klart innsatsområde – og då særleg kvinner frå utlandet – sidan dei er underrepresenterte. Foreløpig har vi ikkje nok kunnskap om kva som skal til for å gjere byane og fylket meir attraktivt som bustad for *ulike typar* av innvandrarar. I denne studien har vi fått hint om at *ein* grunn til at det ikkje er fleire kvinner frå utlandet, er at dei ikkje ser Ålesund, Kristiansund og Molde som attraktive nok å flytte til saman med mannen som har fått (attraktiv) jobb i området. Det ser heller ikkje ut til at arbeidsmarknaden er tiltrekkjande nok for kvinner som sjølv har attraktive utdanningar – men det har vi ikkje fått undersøkt her. Det handlar blant anna om smal arbeidsmarknad, snevert kulturelt og sosialt miljø, samt skepsis til korleis det vil gå med borna i norsk skule. Men innvandrarar, og kvinner for den del, er på inga måte ei einsarta gruppe med like preferansar.

Ein analyse NIBR har gjort av kva som skal få innvandrarane til å bli i Distrikts-Noreg, viste at bustadpreferansane ikkje var særleg forskjellig frå nordmenn i så måte. Som positivt trakk dei fram gode oppvekstvilkår for barn, tryggleik, det rolege livet på bygda, eit godt lokalmiljø og vakker, rein natur. Negative eigenskaper var at staden var liten med få tilbod og møteplasser, klima og mørketid, samt isolasjon, store avstandar og sagn av familie og andre ein står nært kulturelt. Viktig for å bli verande, var å kunne eige sin eigen bustad, vere del av eit sosialt miljø som inkluderte nordmenn, samtidig som det var heilt avgjerande å bli sett som individ (Søholt m.fl. 2012).

Det kan vere ein ide å kartlegge kva ulike grupper innvandrarar sjølv meiner kan gjere det meir attraktivt for dei å bli verande. Korleis meiner dei sjølv at dei kan bidra til å gjere staden meir attraktiv?

Ei viktig side ved innvandringa er at den i seg sjølv kan styrke mangfaldet både i store og små og store samfunn i Møre og Romsdal. Slik sett kan ein tenkje seg at ei «internasjonalisering» av fylket kan auke potensiale for at lokalsamfunna i Møre og Romsdal kan bli opplevd som meir attraktivt for dei gruppene med norsk bakgrunn som etterlyser meir mangfald.

Kjønn næringspolitikken, og sats på kulturelt mangfald for å tekkast breiare grupper kvinner og menn

Medan Molde verkar omtrent like tiltrekkande på kvinner som på menn, så er Kristiansund og Ålesund langt meir tiltrekkande på menn enn på kvinner. Næringsstrukturen er den viktigaste forklaringa på dette. Næringsstrukturen i Ålesund og Kristiansund har tiltrekt seg svært mange mannlege arbeidsinnvandrarar. Det er ikkje gjort i ei handvending å endre næringsstrukturen, men *denne situasjonen gir eit tydeleg signal om at betre kjønnsrepresentasjon må adresserast i*

¹⁰ Appadurai (1996) bruker termen «ethnoscape» for å beskrive det landskapet av mobile grupper vi finn i dei store byane i dag; immigrantar, turistar, flyktningar, eksil, gjestearbeidarar mm.

næringspolitikken i regionen. Ein kan t.d. spørje om næringsklyngepolitikken (saman med regionale partnerskap) dei seinare åra har hatt som biverknad at «mannsnæringane» har fått vel mykje merksemd og høgna status medan dei typiske «kvinneyrka» i offentleg sektor nærmast ikkje blir rekna med i regionen sitt arbeidsliv. I rekrutteringssamanheng er dette eit tankekors sidan det er offentleg sektor som dreg flest kvinner med høg utdanning til regionen.

Av enklare typar tiltak kan ein stimulere til meir synleggjering av «klyngenæringane» ovanfor kvinner på den eine sida, og på den andre sida stimulere næringslivet til å tenke og handle litt mindre tradisjonelt i rekrutteringsstrategiane sine.

Men det er ikkje berre næringslivet som er mannsdominert i desse byane; vi har fått høyre at dei – og då i særleg grad Ålesund - opplevast som maskuline i den forstand at dei har ein kultur som favoriserer (ein spesiell type) menn. Det heng igjen dels saman med mannsoverskotet og den status dei mannstunge maritime næringane har i samfunnet. Dette er alvorleg, men vi åtvarar mot å gjere dette til eit mann-vs-kvinne-problem. Sjølv om det nok er fleire menn enn kvinner som føler seg heime i desse næringane og i miljøet som dels er avleia av dette, finst det også menn som opplever miljøet som for snevert kulturelt sett. Miljøet kan bli opplevd som brautande og lite sivilisert i følgje ein del informantar. Det er også peikt på at akademisk kunnskap nærmast blir sett ned på og at samfunnskritikk ikkje har nokon plass. Dette er synspunkt som stemmer godt med resultatata i undersøkinga til Solbakk (2009) som omhandla høgt utdanna tilbakeflyttarar til Ålesund. Vi tek dette som eit uttrykk for at mange opplever dei tre byane som for små og homogene til å vere intellektuelt stimulerande (sjølv om vi har fått med oss at mange ser positivt på den maritime klynga og utviklingspotensialet på Nørve). Vi trur derfor at tiltak for å gjere byane meir urbane og sofistikerte, vil gjere dei meir attraktive for ei breiare gruppe av både kvinner og menn.

Vi kjem tilbake til kjønnsrelaterte spørsmål i notat om «likestilling».

Kor er etterspurnaden etter arbeidskraft med høg utdanning?

Ein god grunn til å satse på høgt utdanna og talentfulle menneske er at det er dei som gjennom ny kunnskap og idear sørgjer for innovasjonar og utvikling (Florida). Ikkje nok med det; i følgje Florida vil ein stor pool med talent også trekke til seg bedrifter, verksemdar og kapital. Sassen (2001) framhevar dessutan at gruppa høgt utdanna i høgtlønte jobbar også skaper etterspurnad etter ufaglærte gjennom dei tenestane dei etterspør (t.d. butikkar, restaurantar og reinhald). Ut frå desse ideane er det grunn til å uroe seg over at det er relativt få med høg utdanning i byane og i fylket som heilskap.

Den låge delen høgt utdanna i fylket heng saman med etterspurnaden (vi trur altså ikkje at Florida har heilt rett i at talenta kjem før arbeidsplassane). Fylket har ein sterk tradisjon for yrke der det å vere nevenyttig har vore viktig. Det er fortsatt ein viss skepsis mot bokleg lærdom, men dette er i endring. No opplever delar av næringslivet at dei ikkje får tak i nok kompetanse. Dei opplever at dei ikkje får rekruttert dei personane dei helst vil ha på grunn av byane ikkje blir opplevde som interessante– om dei då ikkje har familietilknytning eller særskilt interesse for naturen som omgir byane. Byane er rett og slett for lite urbane for mange. Dei unge kompetansepersonane vi har

snakka med legg på si side til at fagmiljøa er for små og svake. *Det er mellom anna ut frå dette at styrking av kompetansemiljø og urbane kvalitetar peiker seg ut som gode innsatsområde.*

Samtidig er det mange høgt utdanna som ønskjer seg til fylket, men som ikkje får jobb. T.d. fekk KOM Trainee i Kristiansund 138 høgt kvalifiserte søkarar som gjerne ville flytte til fylket, men dei hadde berre fire jobbar å tilby. Tilsvarende fortel bedriftsleiarar at når dei lyser ut stillingar får dei mange kvalifiserte søkarar som vil flytte, men dei kan berre tilby jobb til ein av dei. Vi såg også at innvandrarar ikkje fekk jobb trass i at dei har utdanningar som næringslivet etterspør. Her har vi eit mis-match problem som er spesielt tydeleg i små arbeidsmarknader

Eit mogleg innsatsområde er tiltak for å gjere det lettare for dei som ønskjer å flytte til fylket, å faktisk gjere det. Då må ein 1) synleggjere dei jobbane som finst, og 2) dessutan tenke nytt om kven det er som kan utføre jobbane. Etter det våre informantar har erfart, skorter det på vilje til å gje unge nykommarane med høg utdanning en sjanse, særleg om dei ikkje er «lokale». Når det er ein leiarposisjon eller anna attraktiv stilling ledig, så skal det mykje til at dei ikkje tilset nokon «med blanke issar og tweedklede» som har vore i bedrifta ei stund framfor ein som kjem utanfrå med høg(re) kompetanse. I tillegg har fleire påpeikt at næringslivet burde tenke nytt når det gjeld kva slag kompetanse dei treng; mange kommenterte at bedriftene bør opne for folk med kompetanse innan humaniora og samfunnsvitskap. Det er ein tendens til at høgt utdanna arbeidskraft er einstyddande med ingeniørar og økonomar.

Aetat sine rekrutteringsundersøkingar tyder på at det private næringslivet ikkje lyser ut meir enn ca. ein tredel av stillingane sine. Ein av grunnane til dette er bedriftene ikkje har ressursar til å gjennomføre langvarige rekrutteringsprosessar. Soleis kunne det vore ein tanke å prøve ut kollektive rekrutteringsordningar der bedrifter kan få hjelp i rekrutteringsprosessen med å identifisere kompetansebehov, få tilgang til ein større (kollektiv) søkarpool og sile ut kandidatar. Ein kunne trekkje dette lenger med også å tilby dei nyrekrutterte eit fagleg og sosialt miljø på tvers av bedriftene. Trainee-ordningar er eit døme på ein slik måte å tenkje på.

Unge vaksne og studentar

Det er langt fleire unge enn eldre som flyttar. Byane har no vekst både i aldersgruppa 26-35 år og aldersgruppa 36-45 år, men mest i den siste. Dei urbane tilboda er viktigare for den yngste gruppa. Det er først og fremst dei som ønskjer fleire møtestader og meir aktivitet i sentrum. Dei etterlyser tydlegare sentrumspolitikkk der myndigheitene tek ansvar for å stimulere til varierte sentrumsaktivitetar i sentrum.

Dei ønskjer også ofte å bu sentrumsnært i leilegheiter, heller enn i einebustad utanfor sentrum. I samtaler med informantar kom det fram at det blir opplevd som vanskeleg (særleg for einslege) å finne alternativ til å bu i einebustad, og at dette var med på å gjøre tilflytting vanskeleg. Ein måtte vere klar for familieliv i einebustad, om ein skulle flytte tilbake, blei det sagt. Dette er nok med på å forklare kvifor tilflyttinga er større i aldersgruppa 36-45 enn 26-35 år.

Det har vore vekst i talet studentar i alle tre byane. Studentar i sentrum blir trekt fram av mange som ein urban kvalitet i seg sjølv. Å bygge opp under byane som studiestader vil dermed kunne har positive verknader også for andre enn studentane sjølve.

Urbanistar, suburbanistar og småbyfolk

I kapittel 3.6 om flyttemønster delte vi inn flyttarane på ein måte som går på tvers av attributt som kjønn, alder, utdanning og innvandringsbakgrunn. I staden delte vi dei inn etter kor vidt dei kunne tenkje seg å bu i Kristiansund/Ålesund/Molde og ga dei som var positive til dette merkelappen «småbyfolk» og dei som ikkje ville kunne tenkje seg å bu der som «fagentusiastar/urbanistar». Spørsmålet er kven ein vil gjere seg lekker overfor? Dei ihuga urbanistane er det kanskje ikkje bryet verd å satse på – all den tid ingen av dei tre byane kan klare å konkurrere med storbyane. Den andre gruppa som liker småbyane, er det kanskje heller ikkje verd å bruke ressursar på – sidan dei kjem uansett? Men å ikkje gjere noko vil seie at ein går inn for å konservere det flyttemønsteret som er i dag, der berre dei som er villige til å fire på krava til kompetanseutvikling finn grunn til å slå seg ned i byane.

Sjølv om vi har presentert urbanistane/fagentusiastane og forstadsfolk som to motpolar på ein skala, så vil dei fleste kanskje like seg best midt i mellom. Det er glidande overgangar, og folk er ikkje bastant og permanent det eine eller andre; dei tilpassar ideala til dei moglegheiter dei ser kring seg. Mellom anna er det svært vanleg at preferansane til folk endrar seg med livsfase; det er ein god del urbanistar som ser fordelane ved å bu i forstadene når dei får familie. Det er ikkje alltid det skal så mykje til før ein bikkar den eine eller andre vegen. Som vi har peika på er saknet av «fagmiljø/intellektuelt miljø» det som plagar dei som ligg nærast urbanist-polen mest. Men også dei som ligg nærare forstadspolen vil sette pris på dette. Det same gjeld urbane tilbod som fleire møtestader og meir liv i gatene. Det er «urbanistane» som sterkast uttrykker dette som eit sakn, men «alle» er einige i at det hadde vore positivt med fleire urbane tilbod.

Våre informantar, anten dei såg for seg ei framtid der eller ikkje, vil helst at dei tre byane utviklar *småbyfordelane*. Å prøve å konkurrere med storbyane om å vere urban, vil ikkje slå godt ut. Samtidig var mange skeptiske til å dyrke forstadsismen der det berre er einebustader og bil som tel. Dei vil ha ei tydeleg bykjerne utan så mange bilar.

4.3 Om å ønske seg ein plass i kunnskapssamfunnet

Alle dei tre byane har ønskje om å vere kunnskaps- og kulturbyar. Dei er på ingen måte aleine om det. Florida sine idear om kunnskapsbyane må gjere seg lekke som bustader for talentfulle personar i staden for å legge til rette for bedrifter og næringsverksemder, har gått nærast som ein farsott over heile verda. Men det er ingen ting i vår undersøking som tyder på at tesen hans om å satse på urbane kvalitetar, som fleire møtestader og meir varierte kulturtilbod, *åleine* vil få fleire tilflyttarar til Kristiansund, Molde og Ålesund. Florida kan likevel ha rett i at toleranse og mangfald er viktig – i alle fall ser vi at ein påstått mangel på dette ser ut til å fungere som ein skyvefaktor for våre høgt

utdanna informantar. Her la vi merke til at det var teikn på provinsialisme og manglande verdsetting av intellektuelle som var problemet. Det som klart peikar seg ut som ein trekkfaktor er interessante arbeidsplasser med gode utviklingsmoglegheiter. Vi fann ingen vesentlege forskjellar mellom dei tre byane på desse punkta.

For å styrke tilflyttinga og utviklinga av ein kunnskapsby tyder vår undersøking altså på at det er den «gamle» utviklingsstrategien som gjeld: skap interessante arbeidsplassar med utviklingsmoglegheiter. Dette resultatet stemmer med andre undersøkingar gjort i Norden og elles i Europa (Niedomysl og Hansen 2010, Musterd and Gritsai 2013). Vi meiner derfor at langsiktige satsingar på «harde faktorar» som arbeidsplassar, transport, telekommunikasjonar, kunnskapsparkar og forhold som kan gjere noko med dei strukturelle tilhøva – har meir å seie enn dei «mjuke faktorane» som den nye urbanismeideologien føreskriv – sjølv om dei og er viktige. Fylkeskommunen sin langsiktige regionalpolitikk og byane sin utbyggingspolitikk, vil derfor (sjølv sagt) vere viktigare enn den føreslåtte ekstrapotten til byane. Forskingspolitikken til fylket kan dessutan vere med å styrke byane si rolle som kunnskapsprodusentar. Ved å stimulere til kunnskapsutvikling gjennom å tinge utviklingsorientert forskning - ikkje berre utgreiingar av eksisterande kunnskap – kan fylkeskommunen vere med på å gjere det mogleg å utvikle ny kunnskap.

Men sjølv om vi meiner at det er dei langsiktige strategiane som er viktigast, kan ein også gjere noko med små midlar på noko kortare sikt:

4.4 Styrk den femte t'en: tilkoplingsmoglegheitene!

Vi har sett ovanfor at ingen av dei tre byane skårar spesielt høgt på Florida sine fire t'ar. Det manglar derfor ikkje på område som med fordel kan styrkast om dei tre byane skal få meir truverd som kunnskaps- eller kulturbyar. Men vi meiner det først og fremst bør satsast på ein t som manglar i Florida sin modell; t for *tilkopling*.¹¹

Det er nemlig viktig for målgruppa vår å kjenne at dei er tilkopla verda; å få impulsar utanfrå og kunne ta del i nasjonale og internasjonale nettverk og miljø. Som nemnd tidlegare var det frykta for fagleg isolasjon og stagnasjon som hindra «fagentusiastane» i å flytte til desse byane. Samtidig såg vi at det å vere tilkopla eit sterkt fagmiljø, er det som sterkast bind kompetansepersonane til regionen i dag. Viss ikkje det er på plass, så er vidareflytting meir sannsynleg. Globaliseringa har gjort det naudsynt å følgje med på kva som skjer i andre delar av verda, og det har samstundes høgna krava til kvalitet på det som produserast lokalt både når det gjeld kunnskap og kultur. Vi tilrår derfor fylkeskommunen å støtte alt som kan styrke tilkoplingsmoglegheitene.

¹¹ Dette er inspirert av Sassiska Sassen som i boka *The Global City* (1991) understrekar kor viktig det er at næringslivet og kunnskapsindustrien har gode relasjonar til dei globale marknadane. Ho skil mellom byar som hentar det meste av sin inntekt frå å vere kopla opp i globale nettverk av kapital og marknader og dei som lev av å formidle og foredle eit lokalt eller regionalt ressursgrunnlag.

Å styrke tilkoplingsmoglegheitene kan handle om materielle tilhøve som betre transport- og kommunikasjonsmoglegheiter – dette er eit eige satsingsområde og vil ikkje bli meir omtala her. Det kan og handle om fleire og meir varierte møtestader - som vi kjem tilbake til under pkt. 2 nedanfor. Vi trur det er like viktig for «kunnskapsbyane» å få støtte til immaterielle forhold som å styrke dei nettverk og koplingar som innbyggjarane har mot kunnskapsmiljø nasjonalt og internasjonalt, og til ordningar som kan gjere det lettare å kople tilbod og etterspurnad i arbeidsmarknaden, og på kulturarenaen.

1 *Styrke og synleggjere faglege miljø, nettverk og koplingar*

Litteraturen om kunnskapsbyar understreker kor viktig det er med kopling mellom næringsliv og kunnskapsmiljø. I Ålesund ivrar NCE etter å få styrka industriklynga med fleire koplingar til forskingsmiljø. Dei ynskjer seg mellom anna ulike ordningar for å freiste kompetansepersonar til å bu og jobbe i Ålesundsregionen, ikkje naudsynlegvis på «permanent» basis men gjerne som ei form for utveksling. Tilsvarande er det miljø i Kristiansund og Molde som jobbar under liknande klyngeperspektiv. Å gå i dialog med desse aktørane er ein trygg veg å gå for å få mest mogleg fagleg nettverk pr. krone. Samtidig kan det innvendast at å styrke klyngene ikkje bidreg til mangfald. Når dei tre byane ikkje blir opplevde som fagleg interessante, gjeld dette særleg for dei som er fagleg på utsida av klyngene.

Alle dei tre byane har fleire interessante arbeidsplassar og karriereveggar enn det som er ålment kjend. Ei betre synleggjering av kvalitetane ved arbeidsmarknaden kan og hjelpe på rekrutteringa av «talent».

Vi trur det kan gi positive verknader for rekruttering til byane om ein støtter initiativ som går ut på å lette koplingane mellom folk som kan ha felles fagleg interesse. Når både høgskuletilsette og tilsette i vidaregåande skule meiner dei har for få fagfeller å snakke med, kan det vere eit poeng å kople desse miljøa – berre for å nemne eit eksempel. Eit anna er å støtte arenaer der fagfolk møtast, t.d. alumni-foreiningar ved høgskulane, samt gje stønad til å arrangere seminar, konferansar, fagmøte av ulike slag, etterutdanningskurs.

Det er også behov for å stimulere til internasjonal utveksling av studentar og tilsette ved kompetanseinstitusjonar og liknande.

Det kan vere positivt å støtte arrangement for nykommarar både frå inn- og utland. Dei fleste som flytter til ein stad for første gong, flytter ut igjen. Dette er dels fordi dei ikkje kjem inn i miljøet på staden dei flytter til. Å støtte initiativ som har som mål å skape miljø for desse – på fagleg grunnlag eller ikkje – kan vere eit godt tiltak for å halde på kompetansepersonar. Vi har sett at dei regionale trainee-ordningane fungerer godt i så måte. Ei landsomfattande evaluering viste at dei er godt egna til å rekruttere høgt utdanna og dei fleste ble dessutan verande i regionen etter at traineeperioden var over (Dahle mfl. 2011). Dei viktige ingrediensane i ordninga der er at det er fleire tilnærma likesinna som samlast til eit kull, dei får meningsfulle jobbar der dei opplever at det er bruk for dei, dei får fagleg påfyll gjennom kurs og liknande, og dei har sosiale samlingar der dei mellom anna har

ekskursjonar og liknande for å bli kjende med byen og regionen dei har flytta til. Ein treng kan hende ikkje å opprette fleire slike ordningar, men det kan vere verd å prøve suksesselementa i nye former.

2 Ei ønskeliste over urbane tiltak som kan auke bulysta

Her kjem ei liste over tiltak våre informantar ønskjer seg. Dei passer godt med argumenta om å satse på urbane kvalitetar, kultur og kreativitet, for å tiltrekke seg talentar som igjen er viktige for å generere innovasjon og økonomisk vekst. Det er likevel ingen ting i undersøkinga vår som tyder på at satsing på desse tiltaka *åleine* fører til meir tilflytting av høgt utdanna eller andre folk, eller til meir innovasjon og verdiskaping for den del. Men dei vil kunne virke positivt på trivnaden til dei som bur der og til dei besøkande.

- Fleire og meir varierte møtestader. Informantane våre etterlyser ein politikk som tek ansvar for at sentrum skal ha sentrumsfunksjonar. Moa ble peikt på som årsaka til at Ålesund ikkje har ein breidde i tilbodet i sentrum som står i forhold til folketalet i regionen. I Kristiansund trakk informantane fram etableringa av Dromedar kaffibar om eit godt eksempel på kor mykje ein enkelt møtestad betyr for dei unge vaksne. Også i omdømmerapporten frå Kristiansund (sjå fotnote 9) toppar Dromedar lista over det sentrumstilbod folk likar best. På topp fem lista var det heile tre kafear/restaurantar. Dette seier noko om betydninga av møtestader. Betydinga av kaffibarar er trekt fram av Erling Dokk Holm (2010) som eit symbol på den nye urbanismen. Dei representerer ein ny type byliv og mellom anna viktige fordi dei er «offentlege rom» der ein t.d. kan føle seg velkommen sjølv om ein er aleine. Dei er sosiale møtestader der ein både kan vere sosial og ikkje sosial.
- Oppmodinga til myndigheitene er at dei bør stimulere til etableringar som betyr at befolkninga får meir *variasjon* i sentrumstilboda. Dei treng ikkje enno fleire pizza- og kebab-sjapper.
- Meir aktivitet inne og ute. Folk må ha ein grunn til å oppsøke sentrum.
- Meir tilrettelegging for gåande og syklistar: Byane er så små at det går an å gå og sykle frå den eine enden til den andre. Dette er ein fordel som bør takast vare på i staden for at bilane tek over sentrum.
- Utbyggingsmønster som gjer at det også i framtida er mogleg å gå og sykle frå den eine enden til den andre. Ein var uroleg for at byane skulle spreie seg for mykje utover og dermed miste småbypreget – fordelen med å ha eit lite, kompakt og oversikteleg sentrum. Ei effektiv kopling mellom nodane Moa, høgskuleområdet og sentrum var nemnt spesielt i Ålesund.
- Betre informasjon om dei kulturelle tilboda som finst
- Fleire studentar i sentrum fordi dei skaper liv, gatene ville ikkje vore folketomme om campus og studentbustader låg i eller nær sentrum
- Fleire utanbys studentar - fordi dei blir verande i byen i helgane. Fleire utanbys studentar vil og kunne auke potensialet for fleire nye innbyggjarar om dei blir verande etter studiet er ferdig.

- **Natur i byen.** Alle informantane er einige om at dei tre byane er naturskjønne og at områda rundt byr på mange naturopplevingar. Natur er ikkje nok til å utløyse tilflytting. I tråd med nyare flytteforskning (Sørliie mfl. 2012), peiker Baldersheim (2014) på at det er lite som tyder på at byfolk blir trekte til utkantane på grunn av tilgang til natur, men dersom ein vil legge til rette for høgare livskvalitet hos bybuarane, så bør byplanlegging legge til rette for tilgang til natur og friluftsliv.

Referansar

- Andersen, K.V; M.M. Bugge; H.K. Hansen, A. Isaksen, M. Raunio. (2010). One Size Fits All? Applying the Creative Class Thesis onto a Nordic Context. *European Planning Studies*. Vol. 18, 10
- Appadurai, A. (1996). *Modernity at Large. Cultural dimensions of globalization*. University of Minnesota Press, Minneapolis, MN
- Baldersheim, H. (2014). Den gode heimstaden—kva kjenneteikn har den? Stads-kvalitetar i den norske heimstadsmentaliteten. - *Tidsskrift for samfunnsforskning*, VOL 55, NR 1, 53–75
- Båtevik, FO. Og E.R. Yttredal. (2013). KOMPETANSE FOR EI KUNNSKAPSINTENVIS FRAMTID. KVA GJER MARINE OG MARITIME ARBEIDSPASSAR I MØRE OG ROMSDAL ATTRAKTIVE FOR HØGT UTDANNA ARBEIDSKRAFT? Rapport 38 Møreforskning, Volda.
- Dahle, M; Grimsrud, GM og I.C. Holthe. (2011). *Bosettingsvirkninger av regionale trainee-program*. Ideas2evidence rapport 1/2011. Bergen.
- Florida, R. (2002). *The Rise of the Creative Class*. Basic Books, New York.
- Florida, R. (2012). *The Rise of the Creative Class, Revisited*. Basic Books, New York.
- Fossland, T. og M. Aure 2011. Når høgere utdanning ikke er nok: Integrasjon av høyt utdannede innvandrere på arbeidsmarkedet. *Sosiologisk tidsskrift* 02/2011
- Grimsrud, G.M. 1999. *Kvinneflukten - en saga blott?* ØF-rapport 13/1999. Østlandsforskning. Lillehammer.
- Grimsrud, G.M.(2006) "Valdres-Rypa" – Tilflytting og trivsel blant kvinner i Valdres. ØF-Rapport nr. 03/2006. Østlandsforskning, Lillehammer. 98 s.
- Grimsrud, G.M. (2011): How well does the 'counterurbanisation story' travel to other countries? The case of Norway. *Population, Space and Place*, 17: 642-655
- Grimsrud, G.M, & Aure, M. 2013. *Tilflytting for enhver pris? En studie av tilflyttingsarbeid i norske distriktskommuner*. Møreforskning, Norut, ideas2evidence. Ideas2evidence rapport 4/2013
- Grydtfelt og Heggen, K. (2012): *Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner? Likheter og ulikheter mellom høgskolene på Vestlandet og i hovedstadsregionen*. Høgskolen i Oslo og Akershus: rapport 2012 nr. 5
- Hansen, HK. (2014). Florida's creative class in a Swedish context: the problem of measuring tolerance and amenity-driven growth. In: Mellander,C; Florida, R. Asheim BT. Gertler, M. (eds.). *The creative class goes global*. Routledge, London.
- Hansen, H. & Nedomysl, T. (2009) Migration of the Creative Class: evidence from Sweden. *Journal of Economic Geography* 9 (2) 191-206
- Holm, DH. 2010. *Coffee and the City. Towards a Soft Urbanity*. Avhandling (ph.d.) - Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo,
- Isaksen, A. 2005. *Den kreative klassen og regional næringsutvikling i Norge*. Arbeidsnotat 22/2005, NIFU STEP

- Jacob, J. (1961). *The Death and Life of Great American Cities*. New York: Random House.
- Kleppe, B. (2013). *Norsk kulturindeks 2013*. Telemarksforskning.TF-notat nr. 23/2013
- Knox, P. and Pinch, S. 2010. *Urban Social Geography. An Introduction*. Sixth edition. Prentice Hall,
- Menon. 2012. *Kulturnæringen I Møre og Romsdal- status og utvikling. 2004-2010*. Publikasjon 32/2012.
- Musterd, S and Gritsai, O 2013. The creative knowledge city in Europe: Structural conditions and urban policy strategies for competitive cities. *European Urban and Regional Studies*, 20(3) 343–359
- Niedomysl T, og Hansen H K, 2010, "What matters more for the decision to move: jobs versus amenities" *Environment and Planning A* **42**(7) 1636 – 1649
- Sassen, S. 1991. *The Global City: New York, London, Tokyo*. Princeton University Press
- Sassen, S. 2001. *The Global City: New York, London, Tokyo*. 2nd edition. Princeton University Press
- Solbakk, A. S. (2009). *Ålesund – Liv laga?* Masteroppgåve I samfunnsplanlegging og leiling. Høgskulen i Volda.
- Stambøl, L. 2013. *Studentvandringer. Rekruttering til studier og tilførsel av nye høyt utdannede i et geografisk perspektiv*. Rapporter 2013/06. SSB.
- Stolarick, K. 2012. Presentasjon på nettet: <http://www.investhuronica.ca/wp-content/uploads/HEA-Prosperity-Summit-2012-Benchmarking-the-Creative-Economy-in-Rural-Ontario-Midland-Report.pdf>
- Sørhaug, H.Chr. (1984). "Totemisme på norsk - betraktninger om den norske sosialdemokratismens vesen.", I: Arne Martin Klausen (red.), *Den norske væremåten..* Cappelen forlag, Oslo..
- Søholt, S; Aasland, Aa; Onsager, K; Vestby, GM. 2012. *“Derfor blir vi her” – innvandrere i Distrikts-Norge*. NIBR-rapport 2012:5, Oslo
- Sørli, K. (2006): Bosettingspreferanser, flyttemotiver og flytteprosesser. Status og perspektiver omkring den regionale befolkningsutviklingen i Norge. Notat til Kommunal og regionaldepartementet, 16.02.06. Oslo: NIBR.
- Sørli, K; Aure, M og B. Langset. (2012). *Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000-tallet*. NORUT og NIBR. NIBR-rapport 2012:22, Norsk institutt for by- og regionforskning, Oslo
- Vareide, K. og Kobro L.U. (2012). *Skaper kultur attraktive steder?* TF-notat 1/2012. Telemarksforskning. Bø)
- Vestby, G.M. (2006). Byers attraktivitet og omdømme. *Plan* 1/2006